



«MottakerNavn»

«Adresse»

«Postnr» «Poststed»

«UtlandsAdresse»

Saksbehandlar	Tlf. direkte innval	Vår ref.	Dykkar ref.	Dato
Karen Løvfall Våge	958 24 275	2021/24-14	«REF»	22.06.2021

## Velkomen som eigar av landbrukseigedom - gnr/bnr 1/6 – Per H. H. og Anna K Løfgren Johansen - Ølve

Landbrukskontoret i Kvinnherad har registrert at de har overteke gardsbruk i kommunen.

Utifrå opplysningar i NIBIO Gardskart har gnr./bnr. 1/6 til saman følgjande areal: 6 daa fulldyrka jord, 2 daa innmarksbeite og 78 daa produktiv skog, inkludert anna areal, totalt 180 daa på eigedomen.

<https://gardskart.nibio.no/landbrukseiendom/4617/1/6/0>

Landbrukskontoret har som oppgåve å førebu saker etter jordlov, skoglov, odelslov og konsesjonslov. Ei rekkje planleggings- og tilsynsoppgåver knytt til landbruket vert utført her, og vi forvaltar ulike statlege tilskotsordningar. Det vert for omfattande å koma med eit fullstendig oversyn over kva vi kan hjelpa dykk med i eit skriv.

Som nye eigarar har de kanskje fleire spørsmål. De er difor velkomen til å ta kontakt for ein prat dersom de ønskjer det, og for eit besøk på landbrukskontoret.

Vi anbefaler å følgje med på «Landbruket i Kvinnherad» på Facebook. Her kan de sjå kva aktivitetar som rører seg i landbruket. Meld deg gjerne inn i den lukka gruppa «Bønder i Kvinnherad» for å få kontakt med folk med direkte tilknytning til landbruksdrift i Kvinnherad.

Vi vil ynskja lukke til vidare som eigar av landbrukseigedom.

Meir informasjon om landbruket finn de på [www.landbruksdirektoratet.no](http://www.landbruksdirektoratet.no) . Nyttig informasjon for nye bønder finn de også på [www.bondeboka.no](http://www.bondeboka.no)

Med helsing

Karen Løvfall Våge  
Landbrukskonsulent

*Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift.*